



Jarle Pedersen

Referansar:

Dykkar:

Vår: 18/679 - 18/11329

Saksbehandlar:

Tonje Nepstad Epland

tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:

30.07.2018

Byggesak gbnr 30/35 Vågenes - anneks til fritidsbustad - planstatus

Dykkar e-post av 03.07.18.

Arealføremål

Eigedomen gbnr 30/35 ligg i område som har arealføremål Fritids- og turistnæring etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23. Eit kvart nytt tiltak som ikkje er i tråd med gjeldande arealføremål i plan krev dispensasjon frå arealføremål, jf. plan- og bygningslova § 11-6:

Kommuneplanens arealdel fastsetter framtidig arealbruk for området og er ved kommunestyrets vedtak bindende for nye tiltak eller utvidelse av eksisterende tiltak som nevnt i § 1-6.

Kommunen gjer merksam på følgjande relevant forvaltningspraksis når det gjeld dispensasjon frå arealføremål for tiltak knytt til eksisterane fritidsbustad:

- Øvre arealgrense/utnyttingsgrad for eigedomen på 150 kvm BRA og BYA, inkludert 36 kvm parkeringsareal, i samsvar med det som gjeld i hyttefelt etter Kommuneplan for Radøy kommune pkt. 2.6.
- Arealutviding skal som hovudregel løysast med tilbygg, ikkje som frittliggjande anneks.
- Eigedomen skal ha løysing for vatn og avlaup i samsvar med gjeldande regelverk.
- Eventuell vegtilkomst/avkjøring til offentleg veg skal vere lovleg etablert. I særlege tilhøve kan kommune setje krav om parkeringsrett for eigedomar som ikkje har køyrbar tilkomst.
- I strandsone skal nye tiltak plasserast bort frå sjø/lengre frå sjø enn eksisterande tiltak på eigedomen.

Post

postmottak@radoy.kommune.no
Radøyvegen 1690, 5936 Manger

Kontakt

Telefon +47 56 34 90 00
Telefaks +47 56 34 90 01

www.radoy.kommune.no
Konto 3636 07 00776
Org.nr. 954 748 634




RADØY
den grønne øya

Plankrav

Etter Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 er eigedomen omfatta av omsynsone H710 med krav om utarbeiding av reguleringsplan.

Byggeforbod i strandsone

Tiltak på eigedomen kjem ikkje i konflikt med byggeforbod i strandsone då det i kommuneplanen er fastsett byggegrense mot sjø som erstatter byggeforbodet i plan- og bygningslova § 1-8, jf. Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 pkt. 2.5.



Utsnitt frå Kommuneplan for Radøy kommune 2011-23 som viser arealføremål (lilla farge = byggeområde for Fritids- og turistnæring), byggegrense mot sjø (grå stipla line) og plankrav (rutenett)

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Jarle Pedersen